

2009

Startlån

Kjøpe egen bustad



Husbanken

Startlån - ei gunstig låneordning frå kommunen



Illustrasjonsbilde fra www.colourbox.com

Kommunen kan rekne ut kor mykje lån du kan få.

Du kan søkje om Startlån dersom du:

- Manglar eigenkapital
- Manglar finansiering
- Er i etableringsfasen
- Har ei funksjonshemming
- Er eineforsørgjar
- Ikkje kjem deg inn på bustadmarknaden

Du kan få lån til:

- Topp- eller fullfinansiering når du kjøper ein bustad
- Toppfinansiering når du byggjer ny bustad
- Utbetring av bustaden din
- Refinansiere lån for å kunne bli buande i din noverende bustad

Vi går ut frå at du som låntakar har råd til å betale renter og avdrag og at bustaden er noktern i forhold til størrelse og pris.

Slik søkjer du:

FØREHANDSGODKJENNING

Før du finn bustaden du ønskjer å kjøpe, anbefalar kommunen at du søkjer førehandsgodkjenning. Ved førehandsgodkjenning får du ei vurdering av kva for økonomiske rammer du har å halde deg til når bustaden dukkar opp.

KONKRET BUSTAD

Dersom du har funne bustaden du ønskjer å kjøpe, bør du legge ved takst av nyare dato saman med søknaden. For leilegheit i burettslag som er knytt til bustadbyggjelag kan eventuelt salsoppgåve akseptertast.


Søknaden sendast til og behandlast i den den kommunen du ønskjer å busette deg i. Hugs å sende nødvendige opplysningar og vedlegg saman med søknaden, slik at saksbehandlinga ikkje blir forsinka.

Startlån gjorde huskjøpet mogleg

Ekteparet Carina og Espen Arntzen ønske seg eigen bustad med meir plass, men verken dei eller banken trudde at draumen låg innanfor rekkevidde – heilt til dei tok kontakt med kommunen.

Sommaren 2008 kunne paret endeleg kjøpe fireromsleiligheta på Katterem som dei ønska seg. Dermed fekk dei den plassen dei trengte til Espen sin son og tvillingane dei venta. Dei hadde då allereie vore nokre rundar med banken sin, som sa tvert nei, då dei verken hadde kausjonistar eller eigenkapital for å sikre kjøpet. Espen og Carina trudde ei stund at dei ikkje ville få råd til å kjøpe noko sjølv, heilt til mor til Carina nemnde Startlån frå kommunen. Trondheim kommune kunne tilby Startlån som dekkjer 20 prosent av totalsummen dei betalte. Dei fekk tilbod om ei fastrente som var atskillig lågare enn den effektive renta på banklånet.

Carina har fast jobb, mannen er vikar, og dei er ikkje redde for å ikkje greie å betale dei rundt 10 000 kroner dei må ut med kvar månad. – Kommunen er ganske streng på at man ikkje får låne meir enn kva man kan betjene, sier Carina, som presiserar at det er lurt å gå til kommunen først. Hadde det ikkje



*Carina og Espen Arntzen
(Foto: Richard Sagen, Adresseavisen)*

vore for Startlånet, hadde ikkje draumen om eigen bustad vore mogleg å gjennomføre for ekteparet Arntzen.

Flere ordningar hos kommunen

Kan hende din situasjon tilseier at du har behov for anna støtte frå kommunen. Bustønad og bustadtilskot kan gjevast som tillegg til dei som treng det aller mest.

Startlån, bustadtilskot og bustønad er støtlege ordningar som blir finansiert gjennom Husbanken og forvalta av kommunane.



Illustrasjonsbilde fra www.colourbox.com

Husbanken hjelper kommunar og frivillige organisasjonar i det bustadsosiale arbeidet med bustadløyse og andre som har økonomiske vanskar på bustadmarknaden. Vi jobbar for at alle skal kunne bu godt og trygt.

**For meir informasjon ta
kontakt med din kommune**

Vi gjer merksam på at
retningslinjer og praksis
vil kunne variere noko frå
kommune til kommune.

Du finn også informasjon om
Startlån på
www.husbanken.no

HB 7.E.42 Startlån

Utgitt av Husbanken Region Midt-Norge, september 2008

Revidert: mars 2009

Opplag: 20 000

Grafisk produksjon: Merethe Bentzen/Line Tørum Amdam

Tekst/Innhold: Dagny K. Bach Hoel og Aud Irene Gjersvold

Trykk: Grytting AS